

153

G U D S F A G N A F O L K.

Tone: Mi sjæl, å lova Herren.

Her kristne fedrar reiste, i tru til Gud ei ungdomsborg.
Og Krossens flag dei heiste i dette vakre tun og torg.
For mangt eit skule-tempel vart til eit avguds-hov. - - -
Guds fiends myrke stempel vart sett på dei som sov.
Der sit for mange unge i villfærd lardoms garn.
Og denne lagnad tunge fekk mangt eit Herrens barn.

Det såg dei kristne gamle. Det valda dei so tung ei sorg. - - -
Dei byrja midlar samle, men laut nok mykje få på borg. - - -
2 - Den tunge låne-bæra, dei bar i lag, kvar mann, - - -
1 Deig og hogg litt gran og færa, då byggjestað dei fann.
I offer, bøn og sveitte, dei vart i saman sveiat. - - -
Guds Fagnafolk dei heitte, som skulen vår fekk reiat.

Me ærar desse fedar, og hyller minnet her i dag. - - -
Til takk, og deira heder, skal skulen haldast godt ved lag.
Med hat og hogg til ingen, me fram til vakthald går.
Og knyter systkinringen om ungdomsskulen vår.
Den store, dyre gåva : Vår fedre-arv og løn,
me her på nytt vil lova å minnst i vår bøn.

Stig fram i denne ringen, de som på ungdomsskulen gjekk.
Me trur, her finst vel ingen som ikkje her ei brors-hand fekk.
Guds aller-største gåva, so raust dei bydde oss.
Og mange stillt hev lova å taka opp vår kross.
Me brues-handi retter til Krist i lyst og nød.
Vil honom fylgja etter i både liv og død.

So sant vår trudoms-lovnað er meir enn berre fagre ord, - - -
So sant me ikkje sovna, men gjeng til kvar vårt arbeids-bord,
vil Herren gjeva styrke, og kjærleiks offersinn
til både bøn og yrke, so onni hans me vinn.
I arbeid, dygd og søma, ved trøyst og reinsings-tukt,
skal ungdomsskulen bløma, og bæra heilag frukt.

Johs.M.L.Rydland.